



FRØYLAND UNGDOMSSKULE

Kantine og musikk rom

Nybygget vårt som har blitt lyst, luftig og brukarvenleg. Det kan brukast til heimkunnskap, kantinedrift, dans, ymse framføringar, konsertar og vanleg undervisning. Aulaen er så stor at han rommar alle elevane og er utstyrt med videoprojektor og lydanlegg av høg kvalitet.



Trinn-basar

Areala er varierte med opne og lukka løysingar – alt etter kva for aktivitet som er hensiktsmessig. Basane er utstyrte med elevstol, pult og låselege skåp til alle elevane på trinnet. Elles er møblementet i basen variert med kafebord og stolar, høge bord og sofa. I alle basane er det eit digitalt rom med videoprojektor, lydanlegg og dvd-spelar. Alle basane har ei tralle med 16 berbare pc-ar.

Bibliotek og datarom

Desse roma er knytte til kvarandre for å kunne henta informasjon både frå bøker og digitale hjelpemidlar. Me vil vidareføra opplevinga og nytten av å lesa ei god bok, samstundes som me rettleier elevane inn i den digitale verda. I dataromet er det interaktiv tavle (cleverboard), noko som er eit godt verkty i opplæringa.

Kunst og handverk/naturfag

Me har ein eigen base for dei praktisk/estetiske faga. Roma skal vera i nærleiken av kvarandre og gje rom for praktiske og tverrfaglege løysingar. Areal for handarbeid og teikneforming er i det opne arealet. Sløyd og naturfag er i lukka rom.

Uteområde

Det blir opparbeidd uteområde med ulike fysiske utfordringar, benkar og amfi i granittstein på baksida av skulen.



Forutan dette består skulen av: Administrasjonsfløy, arbeidsstader for lærarane, pauserom for personalet, spesialrom for funksjonshemma og helsestasjon.



FRØYLAND UNGDOMSSKULE

